

DELTA I DEBATTEN

Send inn leserbrev på
nordhordland.no/meiningar

nh nordhordland



Din lokale taktekker:

- Taktekking
- Beslagarbeid
- Radonsperre

Ta kontakt for gratis befaring: mob. 451 23 020 - post@vitartak.no

Orgelbrus og korklang

Konsert med
Hallgeir Øgaard Westli (orgel)
og Alversund kammerkor



Knarvik kyrkje
søndag 17. sept.
kl. 19.00

Billetter kr. 150.
Barn under 16 år
gratis

Meir info og billett-tinging:
www.alversundkammerkor.no

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

Kystsoge
vekene

Debatt: Kva vil vi med Kystsogevekene?

Onsdag 13. september kl. 18
Mølla, Litlebergen i Meland

Kystsogevekene treng fornying, men kva slags kurs bør Kystsogevekene leggja seg på? Bli med på debatten!

Panel: ordførarane i Radøy, Lindås og Meland: Jon Askeland, Astrid Aarhus Byrknes og Øyvind Oddekalv samt dagleg leiar for Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland. Ordstyrar: Dag Lindebjerg.

Lett servering. Fri entre.

www.kystsogevekene.no

Stiftinga Kystsogevekene


www.kystsogevekene.no



LES OSS PÅ MOBIL

mobil.nordhordland.no

nh nordhordland



HØSTTILBUD!

Begrenset mengde

Vi produserer/leverer alt i skifer etter mål

Proff Handstein mures opp dobbelt så fort som andre naturstein som er på markedet

SJEKK VÅREUKESTILBUD HER:

WWW.SOLESNESSTEIN.NO

Eller ring oss for en uforpliktende prat på
tlf. 53 66 89 90 / post@solesnesstein.no



Knut redder liv

For å gjøre jobben sin trenger han din hjelp.

Redningsselskapet er en humanitær organisasjon. Vi redder liv langs norskekysten i all slags vær – dag og natt.

For bare 5 kroner per dag blir også du en livredder. Bli fast giver i dag og send **REDD LIV** til **2377** (150 kr). Du kan også bli fast giver ved å kontakte oss på post@rs.no eller telefon **06757**.

125 ÅR **RS** 



MUSIKALSK FEST: Hordabø skulemusikklag stod for musikalsk underholdning på Rossnes-kaien laurdag. Søndag var skulekorpset på friluftstur til Byngja, og heldt konsert der.
ALLE FOTO: ARTHUR KLEIVELAND

Risnesmarknaden held koken:

- Ja visst er det liv i oss!

- Risnes-krinsen er liv laga, vi er absolutt oppegående også her lengst nord på Radøy, fastslår Tore Villanger.

ARTHUR KLEIVELAND
 redaksjonen@nordhordland.no

Han er primus motor for den tradisjonsrike Risnes-marknaden. Laurdag møttest bygdefolk og hyttefolk til marknad på Rossnes-kaien.

Villanger veit ikkje sikkert, men det seiest at det er over 60 år sidan den første Risnes-marknaden gjekk av stabelen. For nokre år sidan vart marknaden flytta frå Risnes skule til Rossnes-kaien, som i mange år var ferjesamband til Fedje og Austrheim.

- Sjølv om vi er langt frå sen-

trum, er vi liv laga her ute. Det skjer mykje positivt i krinsen, seier Villanger, som er marknadsgeneral og drivkraft i grendelaget som står bak arrangementet. Han meiner det treårige Liv og Lyst-prosjekt har skapt ny giv og bidrege positivt til at krinsen ønsker å skapa ei utvikling.

Bygdefolk og hyttefolk

- Det er også svært gledeleg at både fastbuande og hyttefolket finn saman for å få til noko, seier Villanger, som minner om at det er rundt hundre hytter i krinsen - dei klart fleste i Rossnes-området.

Risnes-krinsen har laga fleire turløyper som gjer det enkelt å koma seg ut i skog og mark. Det er etablert ein velteplass på Vaulen, med ei rekke parke-

ringsplassar - som eit godt utgangspunkt for turløypene. Villanger fortel at det i dette området også er planar om å utvikla eit friluftsområde, som også vil leggja til rette for aktivitetar om vinteren. Villanger fortel også om planar for restaurering av eit gammalt bygg på Rossnes-kaien, som kan bli ein ny spennande møteplass.

Blomar til primus motor

Ordførar Jon Askeland stod for den offisielle opninga av Risnes-marknaden, og han overrekte blomar til Tore Villanger som ei eldsjel i bygda og for marknaden. Hordabø skulemusikklag sette flott musikalsk farge på årets marknad, slik dei har gjort før. Søndag la skulekorpset turen til sin til friluftsområdet Byngja, der dei heldt

konsert. Dette var skulekorpset sitt tredje friluftstur - som eit ledd i Gjensidigestiftinga sitt «ut på tur»-satsing i samarbeid med Norges Musikkorps Forbund.

- Dette har vore flotte turar, og i Byngja kosa både korpsgjengen og turfolket seg med grilling av pølser i tillegg til konserten.

Fin musikalsk ramme

- Det betyr mykje for oss at skulekorpset stiller opp på Risnes-marknaden. Det skapar ei fin ramme rundt arrangementet, seier Tore Villanger. Både høner og villsau - og saueskinn, var på plass på Rossnes-kaien. Her kunne du kjøpa egg frå Håland, og velsmakande vårrullar og andre godsaker. Asbjørn Grindheim er fast inventar med

grønsaker, og han reiste tomhendt heim att.

Hestekokasting og luftgeværskyting var som vanleg mellom aktivitetane, og vinnarane fekk sine pokalar. Det var også mogleg å få seg ein tur på sjøen for å besøka eit oppdrettsanlegg.

Om kvelden var det konsert med visesongar Kurt Hatten i ei løe i Risnes-krinsen, som ei fin avslutning på Risnes-marknaden.

Det er også svært gledeleg at både fastbuande og hyttefolket finn saman for å få til noko.

TORE VILLANGER
 Primus motor



OPTIMISME: - Vi er liv laga, og er optimistiske, sjølv om vi er langt frå sentrum, seier Tore Villanger.



GRØNSAKER GJEKK UNNA: Asbjørn Grindheim fekk god omsetnad for grønnsakene sine.



GODSAKER: Vårrullar og andre godsaker skifta eigar på marknaden.